

Årsmeldingi for 2020/2021



Senterungdomen
Rogaland

Organisasjonsnummer – 923 252 584

Innholdsfortegnelse

1. INNLEIING.....	3
1.1 Fylkesstyret	3
1.2 Valkomité for perioden 2020/2021.....	4
1.3 Lokallagi.....	4
1.4 Fylkesstyremøte for perioden 2019/2020.....	5
1.5 Brønnøysundregisteret.....	5
1.6 M11 – Rogaland Senterungdoms medlemsavis.....	5
2. ARRANGEMENT.....	6
2.1 Årsmøtet 2020	6
2.2 Senterungdomens landsmøte 2020 – digitalt.....	6
2.3 Senterungdomens programmøte – 2021 (forlenging av landsmøtet 2020)	7
2.4 Årsmøte – Rogaland Senterparti 2021	7
2.5 Skulevalkampen 2021.....	7
2.6 Stortingsvalet 2021.....	8
2.6 Kaffi på kontoret	8
3. OPPSUMMERING OG VEGEN VIDARE	8

1. Innleiing

Denne årsmelding tek føre seg den overordna aktiviteten til Rogaland Senterungdom i perioden 5.september 2020 til og med 24.september 2021. Årmeldingi er vedteken av årsmøte i Stavanger den 24.september 2021.

1.1 Fylkesstyret

Fylkesstyret for arbeidsåret 2020/2021 har vore sette saman av totalt åtte faste og tre varamedlemar, som alle har hatt møterett på alle fylkesstyremøte som er haldne i perioden. Som førriige arbeidsår har også lokallagsleiarane hatt møte- og talerett på fylkesstyremøta som observatørar. Det har vore eit krevjande år, med låg aktivitet også reint møtemessig som har gjort at det har vore lite ansvarfordeiling utanføre dei faste, men styret har hatt som hovudoppgåve å arbeida alt ein greier inn mot valkampen i 2021.

Det er også verdt å merka at styret har hatt nokre rulleringar grunna Lisa Marie Ness Klunglands søknad om permisjon (grunna valkampførebuing) som vart godkjend av styret 20.januar 2021, og permisjonen trådde i kraft 1.februar 2021. Dette har ført til at Johannes Bakke har teke over som fungerande fylkesleiar, og resten av styret har hoppe éin plass opp. Unnataket er politisk nestleiar Henrik Hageland, som ikkje kunne fylgja oppryksmodellen i og med at han då hadde fått to røyster i landsstyret, som då er i strid med Senterungdomens rettningslinjer.

Styresamansettingi såg slik ut frå 5.september 2020 til og med 20.januar 2021:

- Leiar: Lisa Marie Ness Klungland
- Politisk nestleiar: Henrik Hageland
- Organisatorisk nestleiar: Johannes Bakke
- Studieleiar: Janne Håland
- 1. styremedlem: Anora Rusten
- 2. styremedlem: Bjørg Johannes Jondal
- 3. styremedlem: Tollef Øksnevad
- 4. styremedlem: Helene Skulerud
- 1.varamedlem: Tor Erik Gjermestad
- 2. varamedlem: Lilly Charlotte Tvedt
- 3. varamedlem: Elin Storesund Brekke

Styresamansettingi frå 1.februar 2021:

- Leiar: Johannes Bakke
- Politisk nestleiar: Henrik Hageland
- Organisatorisk nestleiar: Janne Håland
- Studieleiar: Bjørg Johanne Jondal
- 1. styremedlem: Anora Rusten
- 2. styremedlem: Tollef Øksnevad
- 3. styremedlem: Helene Skulerud
- 4. styremedlem: Tor Erik Gjermestad
- 1.varamedlem: Lilly Charlotte Tvedt
- 2. varamedlem: Elin Storesund Brekke

1.2 Valkomité for perioden 2020/2021

Valkomiteen for perioden 2020/2021 er:

- Henrik Nordtun Gjertsen
- Sandra Christin Skarholm
- Kristian Østensvik

1.3 Lokallagi

For dette arbeidsåret har Rogaland Senterungdom hatt åtte lokallag, som har ulik grad for aktivitet. Det er fylkesstyret som har ansvaret for å fylgja opp lokallagi og gjeva dei hjelp der det dei treng det. Ein har vidareført Messenger-gruppa der alle fylkesstyremedlemane (inkl. vara) og lokallagsleiarane er med, noko som har ført til god informasjonsflyt mellom lokallagi og fylkeslaget. Tale- og forslagsretten lokallagsleiarane har på alle våre fylkesstyremøte har også vore flittig brukt, der dei fleste av lokallagsleiarane har brukta denne ordningi. Noko som har ført til godt samspel og vedtak heimla i/med lokallagi.

Rogaland Senterungdom har i arbeidsåret hatt fylgjande lokallag¹:

- Vindafjord Senterungdom (leiar: Helene Skulerud)

¹ Merknad: Grunna pågående årsmøte rundt i lokallagi, kan noverande leiar (etter årsmøtet) vera annleis enn det som kjem fram i denne årsmeldingi.

- Haugaland Senterungdom (leiar: Lilly Charlotte Tvedt)
- Bokn Senterungdom (leiar: Magnus Alvestad)
- Ryfylke Senterungdom (leiar: Elin Storesund Brekke)
- Stavanger Senterungdom (leiar: Anora Rusten)
- Jæren Senterungdom (leiar: Tollef Øksnevad)
- Gjesdal Senterungdom (leiar: Marine Frafjord)
- Dalane Senterungdom (leiar Mai-Linn Skipstad)

1.4 Fylkesstyremøte for perioden 2019/2020

Den vedvarande koronasituasjonen har ført til at aktiviteten til fylkesstyret har vore lågare enn tidlegare. Ein har jamvel hatt eit godt samarbeid, og fått gjennomført fleire digitale møte via Skype/Teams. Fylkesårsmøta for perioden har vore fylgjande:

- 24.oktober 2020
- 10.januar 2021
- 20.januar 2021
- 15.februar 2021
- 28.april 2021
- 16.august 2021

1.5 Brønnøysundsregisteret

Fylkesstyret har ansvaret for å sikra at Brønnøysundsregisteret er orientert om den nye styresamansetningi etter årsmøtet. Ansvarleg i styret for å fylgja dette opp har vore Henrik Hageland for perioden.

1.6 M11 – Rogaland Senterungdoms medlemsavis

Fylkesstyret har i arbeidsåret syta for at medlemsavisa til Rogaland Senterungdom kom ut fire gonger i året. Ein har ei utgåve for kvar årstid, som legg opp til debatt, lesarinnlegg, kviss og annan informasjon om Rogaland Senterungdom som vil kan vera nyttig for medlemene å sjå. Avisa vert i hovudsak sendt til alle medlemmar som eit PDF-dokument, men det er også moglegheit for å henta eit trykt eksemplar på fylkeskontoret, samt får alle stønadsmedlemar den trykte utgåva i posten.

2. Arrangement

Grunna koronasituasjonen har det vore svært få fysiske arrangement, og arrangement i det heile. Særleg vart dette vanskeleg å gjennomføra når landsmøtet til Senterungdomen i 2020 vart lagd om til å verta digitalt. Jamvel har ein syta for å gjennomført nokre førebuingsmøte der ein har kunne møtt fysisk, særleg var dette mogleg under debattførebuingane seinsumaren 2021, når ein lada opp til skulevalkampen.

2.1 Årsmøtet 2020

Årsmøtet for 2020 vart arrangert på Scandic Maritim i Haugesund, 5.september. Her møtte ein god gjeng av medlemar frå både sør- og nord-fylket. Arrangementet var grunna smittevernsreglane mogleg å gjennomføra og difor vart det gjennomført fysisk. Årsmøtet fekk gått gjennom den vanlege dagsordenen, som fått velt nytt fylkestyre, valt nye delegatar til landsmøtet m.m. (sjå årsmøteprotokoll for uttømande liste). Sentralstyremedlem Erlend Nytrøen vart innleiar og snakka om korleis å byggja lag og organisasjon. Grunna smittereglementet vart det ikkje overnatting, men heller ein felles middag på kvelden der ein fekk drøsa, føre årsmøtet vart avslutta sirkka klokka 20.

2.2 Senterungdomens landsmøte 2020 – digitalt

Landsmøtet til Senterungdomen var dette arbeidsåret delt i to, ein del med godkjenning av alt det organisatorisk formelle (nytt sentralstyre, godkjenning av budsjett osb.) og ein del der ein berre handsama og vedtok Senterungdomens stortingsvalprogram 2021-2023. Båe vart arrangert digitalt via Teams. Del ein vart arrangert 7.november 2020.

Rogaland stilte med 15 delegatar, der fleire av våre delegatar var aktive i både debatten og i handsamingi av saker. I generaldebatten etter talen til partileiar engasjerte både Helene Skulerud (leiari i Vindafjord Senterungdom) seg med eit innlegg om ein meir valfri og tilpassa skule, utan for mykje fokus på teori, men også alternativ læring. Etterfylgt av dåverande fylkesleiar Lisa Marie Ness Klungland med eit innlegg om psykisk helse.

Under val til sentrale verv vart Henrik Hageland vald inn som tredje styremedlem i sentralstyret og Henning Røyneberg vart vald inn til kontrollkomiteen.

2.3 Senterungdomens programmøte – 2021 (forlenging av landsmøtet 2020)

Del to av landsmøtet til Senterungdomen vart arrangert digitalt via Teams 5. til 7.januar 2021 der ein vedtok Senterungdomens stortingsvalprogram for 2021-2023, som la grunnlaget for Senterungdomen inn mot landsmøtet til Senterpartiet i juni 2021.

Frå Rogaland deltok same delegasjon som under landsmøtet i 2020. Arrangementet gjekk i stor grad ut på debatt kring brigdeføresegn og røysting over kvart særskilt forslag. Rogaland Senterungdom fekk gjennom mange brigde til programmet, mellom anna:

- Satsa på havvind ved å bruka kompetansen ein har frå olje- og gassnæringi.
- Halda på leiterefusjonsordningi.
- Ha eit klårt fokus på jordvern ved vegbygging.
- Tredjespråk skal vera valfag og ikkje obligatorisk.
- Skulane skal ha ein handlingsplan for psykisk helse.

2.4 Årsmøte – Rogaland Senterparti 2021

Rogaland Senterpartis årsmøte var eit digitalt arrangement som gjekk via Teams 10.april. Rogaland Senterungdom var representert både via lokallag i Senterpartiet og gjennom direktedelegatar. Senterungdomen fekk sette eit godt preg på debatten og på voteringane.

2.5 Skulevalkampen 2021

Skulevalkampen gjekk av stabelen 25.august og varte fram til måndag 6.september 2021. Me fekk dekt 28 skular, og difor ikkje alle. Jamvel fekk ein delteke med ein god gjeng både på dei fleste skulane i debatt og på valtorg på dei stadene som hadde dette. Grunna koronasituasjonen vart det både vanskeleg å dekkja alle, grunna at folk fauk inn og ut av karantene. Samt vart det også svært varierte arrangement frå skulane sin side, då særleg ved gjennomføring av valtorg.

Oppsummert kan ein seia at skulevalkampen gjekk godt med ei oppslutning på **5,1%**, noko som er ein oppgang på 0,7 prosentpoeng frå stortingsvalet 2017 (4,4%), men eit lite fall frå kommune- og fylkestingsvalet i 2019 (6,1%). Framgangen var særleg tydeleg på skulane på Haugalandet, der me gjekk fram på nesten alle.

Nasjonalt fekk Senterungdomen 7,9% som er ein oppgang på 0,9 prosentpoeng frå 2017 (7,0%), og ein liten nedgang frå kommune- og fylkestingsvalet 2019 (8,1%).

2.6 Stortingsvalet 2021

Rogaland Senterungdom deltok godt saman med Senterpartiet på både fylkes- og lokallagsbasis med å stå på stand, deltaka i debatt og andre arrangement. Me enda opp med XXX% noko som er ein OPPGANG/NEDGANG frå sist stortingsval i 2017.

Avsnitt om valet og særleg opp mot kandidat Lisa vert lagt til veka etter valet.

2.6 Kaffi på kontoret

Grunna varierande smitteregelverk grunna koronasituasjonen, samt lågare lokallags- og styreaktivitet dette arbeidsåret har ein hatt eit lågare tal av lågterskeltilbodet «kaffi på kontoret». Det har vorte gjennomført dei gongane folk har hatt kunna, i tillegg til at smittevernsreglane har tilte det. Dei fleste har vorte arrangert på fylkeskontoret ved Madlaveien 11, medan somme har også vorte gjennomførte digitalt.

3. Oppsummering og vegen vidare

Arbeidsåret har som sist vore svært krevjande, grunna låg aktivitet og få moglegheiter for å kunna samlast. Ein vonar jamvel at ein for det komande arbeidsåret 2021/2022 får fleire moglegheiter til å samlast både på fylkes- og lokallagsbasis. Fokuset for komande år er sette i arbeidsplanen for 2021/2022, men det er tilrådd å særleg fokusera på lagbygging i perioden.